



**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Fagopplæringsnemnda**

**Møtedato:** 28.10.2015

---

**Sak nr.:** 15/10871-3  
**Internt I.nr.** 47312/15

**Sak:** 8/15

**Tittel:** **Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring**

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding:**

**Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjera slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring skal legge særleg vekt på formidlinga av søkerar med ungdomsrett til opplæring i bedrift, siste to år, når opplæringstilbodet skal vedtakast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir ikkje tilskot utover fyrste fagbrev.

Endringsframlegg:

Fagopplæringsnemnda meiner at opplæringstilbodet som skal lysast ut først og fremst må sikre at søkerar med ungdomsrett får læreplass etter fullført vg2.

Fagopplæringsnemnda ynskjer ikkje at tilskot utover første fagbrev skal falle bort.

Fagopplæringsnemnda tilrår at vidare handsaming av strategiar for fag- og yrkesopplæring vert sett på i sin heilskap når ny fagopplæringsnemnd har starta sitt arbeid.

I dette arbeidet bør ein sikre ei brei involvering av dei ulike partane, m.a. planavdelinga hjå fylkeskommunen.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget frå fagopplæringsnemnda vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjera slikt vedtak:**

Fagopplæringsnemnda meiner at opplæringstilbodet som skal lysast ut først og fremst må sikre at søkerar med ungdomsrett får læreplass etter fullført vg2.

Fagopplæringsnemnda ynskjer ikkje at tilskot utover første fagbrev skal falle bort.

Fagopplæringsnemnda tilrår at vidare handsaming av strategiar for fag- og yrkesopplæring vert sett på i sin heilskap når ny fagopplæringsnemnd har starta sitt arbeid. I dette arbeidet bør ein sikre ei brei involvering av dei ulike partane, m.a. planavdelinga hjå fylkeskommunen.

